

# NOTAT



Horne Brygge,  
Strandgt. 15, 6905 Florø.  
epost: [floro@stim.no](mailto:floro@stim.no)  
Mobil: 975 65 504

## Vurdering av KU-behov

### Lokalitet STRANDABØ i Vanylven kommune



Lokalitet Strandabø (raud sirkel) ved Syvdsnes i Vanylven kommune [[norgebilder.no](http://norgebilder.no)]

**Rapportert for:**

Selskap : Statt Torsk AS  
Kontaktperson : Leif Ronny Rætta  
Epost : Irr@statt.no  
Prosjekt : Lokalitet Strandabø, Vanylven kommune  
Gjelder : Søknad om matfisklokalitet, torsk  
Vurdering av behov for konsekvensutgreiing (KU-behov)

**Rapportert av:**

Selskap : STIM Florø  
STIM ref. : Prosjekt no. 1680-20  
Rapportert dato : 23.11.2020  
Kontaktperson : Jan Arne Holm  
Epost : jah@stim.no

**Distribusjon:**

Avgrensa



Jan Arne Holm  
*Cand.real Biologi / PhD*  
*Senior rådgiver Fiskehelse & Miljø*

**TIL SØKNAD OM MATFISKLOKALITET VED STRANDABØ I VANYLVEN KOMMUNE:  
VURDERING AV BEHOV FOR KONSEKVENTSGREIING**

## Innleiing

Vedlegg II i konsekvensutgreiingsforskriften gjeld m.a. akvakultur, der konsekvensutgreiing (KU) kan krevjast dersom eit omsøkt tiltak etter plan og bygningslova vil få vesentlige verknader. Dette notat skal innehalde tilstrekkeleg informasjon for ansvarleg myndighet å vurdere om tiltaket utløyser KU-plikt etter § 9 i forskriften.

### 1. Vurdering om ein plan eller tiltak kan få vesentlige verknader (§10 i KU-forskriften)

Om en eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, skal omfatte vurdering av eigenskaper og lokalisering av tiltaket, og eventuell påverknad på omgjevnadane.


Tilhøve som skal vurderast er:

- a) storleik, planområde og utforming
- b) naturressursbruk - særleg areal, jord, mineralressurser, vatn og biologiske ressurser
- c) avfallsproduksjon og utslepp
- d) risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer

I det følgjande blir dette gjennomgått og sett i samanheng med utsleppsløyve og miljø/ureining.

### A. Storleik, planområde og utforming

Matfiskanlegget vil ha tradisjonell driftsform med flytekrafer/plastringer (4 x 2 stk à 120 m omkrets) i rammefortøyning (à 70 x 70 m) og luftföring via slanger frå fôrflåte (Figur 1). Totalt areal vil dermed bli inntil 47 000 m<sup>2</sup>, derav anlegg/ramme på 140 m x 280 m (39 200 m<sup>2</sup>) og flåte på 30 m x 10 m (300 m<sup>2</sup>).



Figur 1. Anlegg med 4 x 2 plastringer og fôrflåte med tilhøyrande forankringssystem. AK-området er angitt med raud linje.

Omsøkte lokalitet Strandabø ligg i godkjent AK-område i arealplan for sjø i Vanylven kommune (Figur 1). Både flyteanlegg med ringar og flåte samt forankringar ligg innafor det aktuelle AK-området, og det er dermed ikkje behov for å søke om dispensasjon for bruk av areal utanfor AK-området (sjå også pkt. 2c og Figur 3).

Etablering av eit anlegg ved Strandabø vil ha positiv samfunnspåverknad, m.a. med lokale arbeidsplasser, handelsringverknader og matproduksjon, og er ein vidareutvikling av den lokale satsinga til Statt Torsk AS. Se for øvrig «Planstatus og Arealbruk» i søknaden med grundig omtale av Statt Torsk AS sitt behov for denne lokaliteten.

## B. Bruk av naturressurser, særleg arealer, jord, mineralressurser, vatn og biologiske ressurser

Tiltaket vil omfatte eit avgrensa areal i sjø (målsett i punkt A). Etableringa vil ikkje ha mineralressursbruk eller behov for vatn eller biologiske ressurser – utover førforbruk som er naudsynt for produksjon av fisk. Oppfølging av dette: sjå neste punkt.

## C. Avfallsproduksjon og utslepp

### Organisk belastning

Utslepp (organisk stoff frå fecaliar og fôrspill) som eventuelt sedimenterer i lokalitetsområdet blir fulgt opp ved miljøovervaking i hht. NS 9410. T.d. blir B-undersøking utført ved kvar produksjonssyklus. Slik miljøovervaking blir utført av kompetent selskap og rapportert til det offentlege i hht. retningsliner for dette (t.d. Altinn).

### Kjemikalier og legemidler

Utslepp av kobber og prioriterte miljøgifter er tillatt, men blir forsøkt redusert mest mogleg. Testa og godkjende før-formuleringer til fisken er viktig for å minimere miljøpåvirknader. Ved eventuelt behov for legemidler vil disse vere rekvisert av autorisert fiskehelsepersonell, og ein risikovurdering vil i så fall bli utført før legemiddelkur blir iverksatt.

### Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå anlegget som kan medføre skade eller ulempe for miljøet blir mest mogleg avgrensa gjennom retningsliner og prosedyrer for avfallshandsaming. Anlegget vil ikkje vere tilknytt landbase.

### Sanitæravløpsvatn

Godkjent sanitæravløysing vil vere etablert ved førfåta på lokaliteten og vil ikkje påverke recipienten.

### Lukt

Fôrlagring/handtering, dødfiskhandtering, reingjering av nøter/tau, og evt. avfallshåndtering kan medføre mindre luktplager. Dette blir motvirka gjennom dei retningsliner og prosedyrer som gjeld for dei ulike arbeidsoperasjoner. Gode haldningar og praksis tilhøva er implementert hos Statt Torsk AS, og avvik ift. interne retningsliner har ikkje forekome. Det er heller ikkje levert klage på slike tilhøve frå naboen ved Statt Torsk AS sine lokalitetar som er i drift.

## **Støy**

Ei rekke arbeidsoperasjoner kan generere noko støy ved verksemda, og slike aktivitetar blir forsøkt mest mogleg lokalisert til normal arbeidstid. Typiske aktiviteter kan omfatte interntransport, mottak av settefisk, henting av slaktefisk og naudsynte vedlikehaldsoppgåver. Ei viktig målsetting er at dette blir minimalisert mest mogleg og er innanfor grenser sett i vilkår for utsleppsløyve.

## **Lys**

Behovet for lys ved verksemda er basert på kravet om markeringslys av anlegginstallasjon som er vilkår frå Kystverket og nasjonalt regelverk. Disse markeringslysa er overflatelys som blinkar synkronisert gult i ein gitt frekvens. Undervasslys til biologiregulering av produksjonen kan eventuelt bli nytta. Ein har ikkje erfaring med at lysbruk medfører ulemper for naboer.

## **Avfall, generelt**

Avfallsgenerering som følge av den ordinære verksemda blir forsøkt minimert så langt som råd. Det er ikkje forventa noko særleg avfallsmengd ved lokaliteten. Avfall blir returnert til godkjent mottak på Fiskå. Statt Torsk AS har godt innarbeidde arbeidsplanar og prosedyrer for handtering av avfall på eit forsvarleg vis.

## **Lagring av avfall**

Lagring av vanleg avfall og av farleg avfall frå verksemda, blir utført ihht. gjeldande interne prosedyrer.

## **Handtering av produksjonsavfall og slam**

Daud fisk blir samla opp og konservert omgående i hht. intern prosedyre ved bruk av til tett tank for oppmaling og maursyre-tilsetting. Ensilasjetanken ved lokaliteten vil ha ein kapasitet tilpassa produksjonen og er plassert på fôrflåten. Ensilasje blir vidarehandtert via avtale med Hordafor.

## **Mikroplast**

Mikroplast er inkludert i intern risikovurdering og tiltaksplanar for avfall. T.d. blir Pescapex-fôrslangar med kryssbunde polyethylen nytta. Disse har betydeleg lengre varighet, mindre erosjon og dermed blir det også danna vesentleg mindre mikroplast.

## **Miljørisikoanalyse**

Havkar Drift har utført miljørisikoanalyse og resultat-vurderingar ift akseptabel miljørisiko for sine lokalitetar. Alle kjelder til påverknad er inkludert og analysa blir oppdatert minimum ved kvar generasjon. Ny lokalitet vil bli inkludert i analysa.

## **Førebyggande tiltak**

Miljørisikoanalysa er grunnlag for risikoreduserande tiltak som blir iverksatt. Ulike tiltak blir vurdert ift sannsynlegheit og konsekvens. Denne blir skriftleg oppdatert ift ulike førebyggjande tiltak.

## **Beredskapsplaner**

Med grunnlag i miljørisikoanalysa og iverksatte risikoreduserande tiltak er det etablert god beredskap mot (akutt) ureining. Beredskapen er tilpassa den miljørisiko som blir representert av verksemda.

## D. Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer

### Skipstrafikk og farled

Avstand til trafikkert farled er tilstrekkeleg og det er ingen rutegående trafikk i fjorden. AK-området er allereie klarert av Kystverket i samband med etablering av den kommunale arealplanen. Kystverket vil også få lokalitetssøknaden tilsendt, og plassering av anlegget vil bli dermed også bli klarert etter akvakulturlova: heile anlegget og fortøyningsstrukturen til dette ligg innafor AK-området.

### Ras

Ein er ikkje kjend med at denne lokaliseringa ligg i noko rasfarleg område. Lokaliteten ligg langt frå aktuelle rasfarlege høge og bratte fjell nær sjø.

### Anleggssertifikat

Godkjend anleggssertifikat vil vere på plass før produksjonen blir igangsett (sjå også pkt. 2, h).

### Miljørisikoanalyse

Ulike aspekt ift ulykke og katastrofe, er inkludert i miljørisikoanalysa.

## 2. Lokalisering og påverknad på omgjevnader - om tiltaket kan gje konflikt med miljø eller samfunn

I § 10 (Kriterier for vurdering av om ei plan eller eit tiltak kan få vesentlige verknader for miljø eller samfunn) er 8 moment lista opp som skal vurderast, jfr. pkt. a – h i det følgjande.

a) Verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfaldlova i kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.

Det er ikkje noko verna område i umiddelbar nærleik til omsøkte tiltaksområde. Verna områder i Vanylven kommune og avstanden til disse tilseier at slike ikkje blir direkte berørt av omsøkte tiltak.

Det er stor avstand frå lokaliteten til lakseførande vassdrag. Dette dessutan ha liten relevans då produksjon av torsk ikkje vil utgjere nokon trussel for nokon av laksebestandane.

Den operasjonelle drift av lokaliteten vil dessutan vere innanfor lovverk, grenser og løyve som blir satt for verksemda av omsyn til miljø og naturmangfald.

b) trua arter eller naturtyper, verdfullt landskap, verdfulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv.

Det er ingen registreringer av kategori CR, EN og VU i Artsdatabanken si rødliste nær omsøkte lokalitet. Det er ingen trua arter eller naturtyper registrert ved lokaliteten, ref. artsdatabanken.no (Figur 2).

Verdfullt landskap: ingen registreringer i området.

Verdfulle kulturminne: ingen registreringer.


Kulturmiljø: ingen registreringer.

Nasjonalt/regionalt viktige mineralressurser: Ingen registreringer.

Samisk utmarksnæring eller reindrift: ingen registreringer.

Friluftsliv: Ingen registreringer (sjå også punkt d).

Etablering av produksjonslokaliteten som omsøkt er forventa å ikke ha vesentleg negativ påverknad.




Figur 2. Søk i Artsdatabanken ([artsdatabanken.no](https://www.artsdatabanken.no/NIN)) syner ingen verdfulle/trua naturtyper eller arter ved lokalitet Strandabø.

Alke, krykkje og makrellterne er registrert som sterkt trua arter (EN) og er også angitt i kartet her. Dette er imidlertid å rekne for generell informasjon og kan ikke ha konkret betydning for det omsøkte matfiskanlegget her (Figur 2, kart t.h.).

c) statlige planretningsliner, statlige eller regionale planbestemmelser gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77

Omsøkte matfiskanlegg ved Strandabø ligg innafor areal avsett til akvakulturføremål i kommuneplanen si arealdel: AK-område (Figur 3, sjå også pkt. A).




Figur 3. Utsnitt av arealplan i sjø for Vanylven kommune, med lokaliteten ved Strandabø avmerka som: "Akvakultur 2".

d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemeld.

Det er ingen feltregisteringer i Naturbase-karta for lokalitetsområdet (ref. også pkt. 2c og artsdatabanken.no).

Omsøkte lokalitet har rimeleg god avstand fra registrerte fiske og rekefelt, ref. m.a. Fiskeridirektoratet si kartløsing, Yggdrasil (Figur 4).



Figur 4. Kartutsnitt med "Kystnære fiskeridata" fra området ved lokalitet Strandabø (fiskeridir.no/Yggdrasil).

I den kommunale arealplana er konkrete sjøområde til fiskeriføremål ikkje avsett (figur 3).

e) auka belasting i områder der fastsette miljøkvalitetsstandarder er overskreden.

Godkjenning av omsøkte lokalitet ved Strandabø til akvakulturverksemeld blir fulgt opp med overvakning iht NS 9410 i det omfang og den frekvens som er angitt i miljøstandarden. Eventuell nasjonal eller regional kartlegging ift vannkjemi, biologi, diversitet m.v., vil supplere kunnskapsstatus og vil eventuelt også kunne influere på rammer for produksjonsløyvet.

Ut frå kunnskap som ligg føre vil ikkje etablering av lokaliteten ha vesentlig negativ effekt for området.

f) konsekvenser for befolkningen si helse, f.eks. som følge av vatn- eller luftureining.

Avfallshandtering (organisk/uorganisk), vil skje i samsvar med offentleg lovverk og Statt Torsk sine prosedyrer. Prosedyrer og retningslinjer for drift, blir fulgt opp ved internkontroll og offentleg tilsyn.

Basert på omfanget av den planlagte verksemada blir effekten for befolkninga si helse ansett til å være minimal. Det er ikkje noko vesentleg bosettingsområde nær lokalitetsområdet, kun spredt jordbruk.

*g) vesentlig forureining eller klimagassutslepp*

Innvilging av ny lokalitet her vil innebære noe auka utslepp av klimagasser. Produksjonsvolum og belasting/intensitet, samt antall merder som skal driftast, vil imidlertid være lågare enn det ein finn ved dei fleste andre lokaliteter. Anleggsutforminga, med rammefortøyning og ringer med god avstand, muliggjer ein effektiv drifting av lokaliteten, og anlegget vil ikke gje vesentlig auke i klimagass-utslepp.

Akvakultur er ein av dei mest effektive og bærekraftige metoder i verda til å produsere protein av høg kvalitet. Næringa har lågt karbonutslepp og låg fôrfaktor, og har samstundes høg retensjon av protein og energi. T.d. er karbonavtrykket til produksjon av laks kun ein tiendedel av det for storfekjøtt.

*h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom*

Nær lokalitetsområdet er det ikkje registrert risiko for naturkatastrofe (ras, skred eller flom) som vil kunne medføre havari m.v. av installasjoner m.v.

Lokaliteten vil bli klarert med anleggssertifikat etter NYTEK-forskriften. I ein lokalitetsundersøking vil naturgitte krefter som virker inn på anlegget blir kartlagt og berekna (50-års bølger, straum m.v.). Forankringar, nøter og øvrige anleggskomponentar blir tilpassa disse kreftene på lokaliteten slik at risiko for havari og rømming av fisk vil bli minimert.

**Konklusjon**

Ut fra informasjon som ligg føre er Strandabø ein særslig godt eigna akvakulturlokalitet. Tiltaket vil ikkje ha vesentlige verknader for miljøet eller være i konflikt med andre interesser.

Ut fra dette ser ein ikkje behov for å utføre konsekvensutgreiing av tiltaket.

Måløy, 23.11.2020



Jan Arne Holm  
STIM Florø



Leif Ronny Rætta  
Statt Torsk AS